



Arvid Monstad
Lurevegen 557
5912 SEIM

1-7

Referanser:

Dykkar: Vår: 14/7149 - 15/3567

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

16.02.2015

Gbnr 155/8 Monstad. Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet.

I sak 010/15 gjorde Plan- og miljøutvalet følgjande vedtak:

«Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune ikkje dispensasjon for deling av grunneigedom gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommunen ikkje løyve til å dele frå 1,3da tomt til bustadbygging frå gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

Plan- og miljøutvalet - 010/15

PM - behandling:

Fellesframlegg:

-Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon for deling av grunneigedom gbnr 155/8 slik det er søkt om.

-Plan- og miljøutvalet gjev løyve til å dele frå 1.3 da tomt til bustadbygging frå gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Drøftinga i saka belyser på ein god måte fordelar og ulemper ved eit eventuelt løyve. Plan og miljøutvalet finn at fordelane er vesentleg større enn ulempene. Hensyna bak bestemmelsene i kommuneplan vert ikkje vesentleg tilsidesett. Plan- og miljøutvalet vektlegg spesielt tungt fordelane ved buseiing i området og utnyttelsen av "inneklemt areal". Det stilles som vilkår for deling av VVA til den fråskilte parsellen er sikra før deling og kartforretning skjer.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

-Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon for deling av grunneigedom gbnr 155/8 slik det er søkt om.

-Plan- og miljøutvalet gjev løyve til å dele frå 1.3 da tomt til bustadbygging frå gbnr 155/8 slik det er søkt om.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsentret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalsstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Drøftinga i saka belyser på ein god måte fordelar og ulemper ved eit eventuelt løyve. Plan og miljøutvalet finn at fordelane er vesentleg større enn ulempene. Hensyna bak bestemmelsene i kommuneplan vert ikkje vesentleg tilsidesett. Plan- og miljøutvalet vektlegg spesielt tungt fordelane ved busetjing i området og utnytting av "inneklemt areal". Det stilles som vilkår for deling av VVA til den fråskilte parsellen er sikra før deling og kartforretning skjer.»

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innen tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf.Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret 20.03.2014 gjeldande frå 31.03.2014, vert det sendt ut følgende gebyr:

Dispensasjon frå arealplanen	kr. 8500,-
Deling som ikkje er i samsvar med arealføremålet	kr. 7900,-
Deling etter jordlova	kr. 2000,-
Sum	kr.18400,-

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine føresegner. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om avgjerda, jf. Forvaltningslova §§ 28 fig.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statens vegvesen, Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER



Arvid Monstad

Referanser:

Dykkear:

Vår: 15/2207 - 15/22526

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

17.06.2015

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 155/8 - Monstad (Vollom)

Teknisk drift syner til søknad om endra bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg – gbnr 155/8 - for 1 bustadeining, datert 12.05.2015.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 155/8 - for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnornal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktzone er vist på vedlagt situasjonskart.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging/utbetring av avkjørsle treng også løyve frå byggesak.

Det er med heime i Veglova §§ 40-43 og vegnornal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentseniteret
Kvernhusmyrane 20, 5914, Isdalsto

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54557
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 uker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisas utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisas når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Kart

Kopi til:
Lindås kommune ved byggesak
Driftansvarleg veg

Magnus Helgesen

Fra: Anne Lise Molvik <anne.lise.molvik@lindas.kommune.no>
Sendt: 13. august 2015 16:03
Kopi: Magnus Helgesen
Emne: Utsleppsøyve for bustad - gbnr 155/63 Monstad.

Maajo Eigestom AS
Lindåsvegen 154
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Anne Lise Molvik
Vår: 15/2815 - 15/26060

Saksbehandlar:
Dato: 13.08.2015

Utsleppsøyve for bustad - gbnr 155/63 Monstad.

Administrativt vedtak. Saknr: 331/15

Tiltakshavar: Eirin og Daniel Monstad Windt
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Sknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsøyve for nyleg frådelt tomt på gbnr 155/63. Det vert no søkt om å etablere biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Størleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 17.07.2015.

Planstatus

Eigestomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett som LNF-føremål. Det er vedtak i Plan- og miljøutvalet 04.02.2015, sak 010/15, gitt dispensasjon for frådeling av tomt til bustadbygging. Det vert vurdert at dispensasjonsvedtaket også omfattar omsøkte avlaupsanlegg.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 17.07.2015.

Reinseøyysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf forureiningsforskrifta 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsøyvet at anleggsseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Det er ikkje dokumentert at serviceavtale ligg føre.

Privatrettslege tilhøve

Avlaupsleidningen frå reinseanlegget og fram til bekk går over gbnr 155/8. Det ligg føre tinglyst erklæring med løyve til å plassera avlaupsanlegg og stikkleidningar for vatn og avlaup med naudsynte kummar på eigedomen.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

VURDERING

Søknaden om utsleppsøyve er i samsvar med gjeldande krav, og kan etter kommunen si vurdering godkjennast på vilkår av at det vert sett krav om etterpolering for å hindra slamflukt (t.d. kum med leaculær) før utsleppet vert ført i tett leidning til bekk med heilårs vassføring. Dersom utsleppet vert ført til jordbruksgrøft er etterpoleringstrinnet ikkje naudsynt.

Serviceavtale for drift- og vedlikehald av anlegget skal liggja føre før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Godkjenning etter andre lovverk

Det ligg føre eigen søknad om løyve til etablering av avlaupsanlegget etter reglane i plan- og bygningslova § 20-3. I følgje ansvarleg røfleggarførretak er søknad om oppføring av bustad på tomta under utarbeiding. Etablering av avlaupsanlegget vert å handsama som del av denne søknaden. Naudsynt byggjeløyve må liggja føre før arbeidet med etablering av anlegget tek til.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 1 bustad, inntil 5 pe, i samsvar med søknad mottatt 17.07.2015 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac med etterpolering, før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til bekk med heilårs vassføring.
2. Anlegget skal plasserast slik vist på situasjonskart mottatt 17.07.2015.
3. Det skal dokumenterast at det ligg føre serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest for anlegget.
4. Eigedomen skal knyttast til offentlig godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova. Naudsynt løyve må liggja føre før arbeidet med etablering av anlegget vert sett i gang.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fv). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fv. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fv. § 27b.

Ansvar

Anleggsøigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegnar gjeve i eiler i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegnar, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatretslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avlaupsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avlaupsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det førretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegnar, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunne omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført søvris og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7. Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2815

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Kopi til:

Majo Egedom AS, Stendal VVS AS

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eirin og Daniel Monstad Windt

Blombakken 1

5911

ALVERSUND